



Gebyrregulativ for vatn og avløp i Fjell kommune

Dette gebyrregulativet er vedteke av kommunestyret i Fjell kommune den 15.12.11 med heimel i Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31. mai 1974 og Forskrift om avgrensing og forureining av 1. juli 2004. jf. Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Fjell kommune, vedteke av kommunestyret den 16.06.05.

Regulativet gjeld frå den 01.01.12.

Alle gebyrsatsar er oppgitt inkl. mva.

TILKNYTINGSGBYR.

Tilknytingsgebyret vert fastsett som følgjer:

For nybygg skal det betalast fast sats for tilknytning med følgjande beløp:

Nybygg	Vatn	Avløp
Til og med 60 m ²	6.720,00	6.720,00
Pr. m ² bruksareal (BRA*) > 60 m ²	112,00	112,00

*) BRA bereknast med grunnlag i NS 3940

For eksisterande bustader, her under også gardsbruk, fritidsbustader, naust og mindre forsamlingshus¹ skal det betalast eit fast gebyr per eigedom, eventuelt per bustad dersom det er fleire bustader på eigedomen. Satsen gjeld og naust (gamle og nye) som ikkje vert nytta i næringsverksemd. Dette gebyret er:

Eksisterande, pr. bueining	Vatn	Avløp
Bustader, gardsbruk, fritidsbustad, mindre forsamlingshus, naust	6.720,00	6.720,00
Andre eigedomar (ikkje nemnd i pkt over)	66.680,00	67.280,00

For kombinasjonsbygg skal det betalst **eitt** gebyr for næringsdelen og **eitt** gebyr for bustaddelen etter følgjande sats:

Kombinasjonsbygg	Vatn	Avløp
Næringsdel	66.680,00	67.280,00
Bustaddel pr m ² BRA	112,00	112,00

For næringsbygg skal det betalast fast sats for tilknytning. Dette gebyret er:

Vatn	66.680,00
Avløp	67.280,00

¹ Med mindre forsamlingshus er det meint hus (uansett storleik) nytta av ideelle lag og organisasjonar. Det vil seie lag og organisasjonar som ikkje har inntekt frå kommersielle interesser, reklame, sponing osv. For andre lag og organisasjonar skal det betalast gebyr etter punktet "andre eigedomar".

ÅRSGEBYR.**Abonnementsgebyr.**

Abonnementsgebyret er likt for alle kundar.

	Vatn	Avløp
Abonnementsgebyr	2.360,00	2.147,00

Forbruksgebyr.

Forbruksgebyret vert fastsett som følgjer:

Ved målt forbruk:

Forbruksgebyr = målt forbruk x einingspris

	Vatn	Avløp
Einingspris kr/m ³	10,94	11,50

Ved stipulert forbruk:

Bruksareal (m ²)	Stipulert forbruk (m ³)		Gebyr vatn		Gebyr avløp	
	Bustadhus	Fritidshus	Bustadhus	Fritidshus	Bustadhus	Fritidshus
0 – 300	250	150	2.735,00	1.641,00	2.875,00	1.725,00
300-500	500	300	5.470,00	3.282,00	5.750,00	3.450,00

GEBYR FOR BRUK AV VASSMÅLAR.

Abonnentar med vassmålar skal betale eit årleg gebyr for å dekkje Fjell kommune/FjellVAR sine meirkostnader med ordninga.

Gebyret er for 2012 sett til kr. 0,00.

GEBYR FOR MELLOMBELS TILKNYTING.

Gebyr for mellombels tilknytning = målt forbruk x einingspris.

GEBYR FOR FRÅKOPLING/TILKOPLING AV VATN.

Gebyret skal betalast dersom ein eigedom blir fråkopla offentleg vassleidning over lengre tid. Gebyret skal dekkje Fjell kommune/FjellVAR sine kostnader ved fråkopling/tilkopling.

Gebyr ved fråkopling	1.150,00
Gebyr ved tilkopling	1.150,00